



Det Kongelige Miljøverndepartement  
Pb 8013 Dep  
0030 OSLO

**Delegasjonssak: 403/10****UTTALE TIL RAPPORT OM AVVIKLING AV UTRANGERTE  
OFFSHOREINSTALLASJONAR (TA 2643/2010)****SAKSUTGREIING:**

Vi viser til høyring av rapport om avvikling av utrangerte offshoreinstallasjonar, datert 28. mai 2010.

Tysvær kommune er tilfreds med at Miljøverndepartementet har bedt Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) om å utarbeida ein rapport omkring utfordringar knytt til opphugging og gjenvinning av utrangerte offshoreinstallasjonar.

Tysvær er i Yrkjefjorden nær nabo til Vindafjord som er vertskommune for AF Miljøbase i Vats (Raunes i Vatsfjorden). Vatsfjorden er del av eit fjordsystem med eit rikt fiske etter sild og makrell m.m., samt fleire oppdrettsanlegg for laks.

Tysvær kommune er fornøye med at rapporten fastslår at konsekvensutredning er eit krav ved slike tiltak. Da opphugging av slike installasjonar ofte kan føre til utslepp som kan transporters over større områder gjennom luft eller vatn. Og dermed påverke miljøet i andre kommunar enn vertskommunen.


Tysvær kommune ser det som positivt at forureiningsansvaret blir overført frå fylkesmannen til KLIF. Dette vil føra til lik behandling i søknad om utsleppsløyve med meir. Kommunen sluttar seg og til andre tiltak foreslått for mottaksanlegg på land.

Det er positivt at Klif vil vurdere om det er behov for å innføre spesifikke og skjerpa grenseverdiar for klassifisering av kvikksølvhaldig avfall. Dette er særleg relevant der anlegg er eller blir vurdert plassert nær landbruk eller fiskeri.

**Vedtak:**

Tysvær kommune viser til kommentarane i saksutgreiinga ovanfor og tar rapport frå Klif om avvikling av utrangerte offshoreinstallasjonar (TA 2643 – 2010) til etterretning.

Med helsing



Arild Karlsen  
Kommuneutviklingssjef



Bjørn Bruaset  
Seksjonsleiar

Kopi: Teknisk utval, her